



Ingebjørg imponerte også denne helga

**Den utruleg allsidige idrettsjenta Ingebjørg Haugland (15) frå Uskedalen gjorde furore under Norway Cup. med ein rein kanonade av mål. Og ho gjentek stadig sine imponerende prestasjonar - og forbetrar dei..**

Det skjedde også under Kvinnheradmeisterskapet i friidrett på Husnes i helga - for jenter og gutar mellom 10 og 19 år. Det vart 6 førsteplassar denne gongen og her er den imponerende lista. Ingebjørg var åleine i klassen sin:

- Lengde 4,30 pers
- Høgde 1,36 pers
- 100 meter 14,5 pers
- 800 meter 2,44 ikkje pers

- Kule 7.17 veit ikkje om det var pers
- Diskos 19.30, ikkje pers

Så allsidig er Ingebjørg at ho ikkje i farten hugsar alle dei personlege rekordane sine. Ho vart til dømesi stuss då uskedalen.no i dag spurde om bestenoteringa hennar i kule. Men ho kasta i alle fall 7,17 i mesterskapet. 100-meteren meinte ho at ho hadde gjort unna på 15,1 og kom med denne kommentaren:

- Ein kan ikke gå rundt og hugse alle persane heller!

Men ho hugsar at ho hadde forbetra rekorden sin i lengde til 4,30 denne dagen og at ho under vanskelege og våte tilhøve dagen før hadde kasta diskosen 19,30 utan at det var rekord..

- Kanskje du bør satsa på 7-kamp framover?

- Eg veit ikkje, det er nok ingen andre som driv med det her i Sunnhordland, Eg blir vel ålene i tevlinga.

Uskedalen var bra representert under meisterskapet men leiinga hadde eit høgst berettiga spørsmål: Kor blir det av gutane?

Trio sitt arrangement var perfekt når ein tek regnet med i reknestykket. Laurdagens program innskrenka seg til diskos på grunn av vertilhøva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



7 uskedelinger var med i KM på Husnes. Her står frå vinstre Ingebjørg Haugland, Synneva Myklebust, Ingvill Myklebust, Kathrine Saghaug, Solveig Haugland, Veslemøy Haugland og Johannes Haugland.